



Referat frå elevrådsmøte for 5-7, måndag 19.12.22

Til stade:

Frøya Smådal-Gjertsen, Lisa Nøstdal Lending, Netserab Meles Habteyes, Nora Taule Leikanger, Elias Søvig Espedal, Kristoffer Hylland Fitje, Anna Belinda Taigla Areklett, Brage Savland Lending, Ariel Magnussen Dávøy og Hilde Sognnæs Strandos.

SAKSLISTE

Sak 1: Evaluering av prøveperiode med caps/hette i timane

Kva har vore bra i perioden? Kva har vore mindre bra? Ut frå erfaringane ein har gjort seg i prøveperioden, er dette ei ordning ein ynskjer seg fast vidare eller ikkje?

Tilbakemeldingar frå klassane:

5B: brukar ikkje så mykje hette, så det har ikkje vore så mykje fokus på det.

6A: Mindre kommentering og meir konsentrasjon. Stille i timane, enklare å ikkje bli forstyrra av andre. Kjenner seg trygg. Ønsker at ordninga skal halde fram.

6B: Klassen ynskjer å halde fram med ordninga. For dei aller fleste har ein fylgt reglane.

7A: Synast det har fungert fint og ynskjer å halde fram med ordninga.

7B: Det var ein okei periode og den fungerte fint. Dei aller fleste har fylgt reglane.

Avstemming i elevrådet basert på tilbakemeldingane frå klassane: einstemmig at ein ynskjer å halde fram med ordninga. Hilde melder dette vidare til lærarane og til rektor.

Sak 2: Helseveka 2023

Vi gjekk gjennom det som lærarane hadde føreslått ut frå elevrådet sine tidlegare innspel. Basert på dette har elevrådet teke følgjande avgjerd om temadagar:

- **ASK-dagen (bestemt tidlegare)**
- **Klassens dag (bestemt tidlegare)**
- **Kreativ dag**
- **Kosekle-/pysjdag**
- **Utkledningsdag**

Kva vekedag som skal ha kva temadag i helseveka, kjem ein tilbake til. Elevrådet har også innspel til noko innhald i dagane:

- **ASK-dagen:** ynskjer at kanonballturnering for mellomtrinnet blir arrangert denne dagen.
- **Kreativ dag:** ynskjer at ein kan melde seg på ulike aktivitetar med 1., 2. og 3. val som i fjor. Kan gjerne køyre «reprise» av dei aktivitetane (band, teikning, stop-motion-film, minecraft, vektløfting, programmering, minecraft)

Beste helsing

Nora Taule Leikanger
Referent

Hilde Sognnæs Strandos
Elevrådskontakt